

**Notat**

 Dato: 23.09.2015  
 Arkivsak: 2015/3886-6  
 Saksbehandlar: bjomidt

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

**Svar på spørsmål om vegprosjektselskap som har fått fylkeskommunal støtte**

Samferdselsutvalet handsama 9.9.2015 sak 97/15 «Prosjektstøtte til Hardangerviddetunnelen AS». I møtet vart det vedteke følgjande framlegg til oversending:

*"Med bakgrunn i mellom anna sak SAMU sak 97/15, ber samferdselsutvalet om å få sak om prinsipielle retningslinjer angående interesseorganisasjonar, opp mot finansiering av vegprosjekt."*

I samband med at fylkesutvalet skal handsama sak 240/15 «Prosjektstøtte til Hardangerviddetunnelen AS», har Alf Helge Greaker (V) 21.9.2015, bedt om at fylkesrådmannen utarbeider ein oversikt over vegprosjektselskap som har fått fylkeskommunal støtte dei siste åra og kva beløp dette dreier seg om.

Tabellen nedanfor syner støtte/tilskott/kontigent frå Hordaland fylkeskommune fordelt på selskap/prosjekt/samarbeidsorgan som arbeider for betre transportinfrastruktur:

Selskap/prosjekt/samarbeidsorgan	Støtte	HFK rolle	Kr. i:	2015	2014	2013	2012
Haukelivegen AS	Interesseselskap for E134	Kontingent	Eigar	65 000	65 000	65 000	65 000
Prosjektet Stad skipstunnel	Pådrivar for Stad skipstunnel	Prosjektstøtte	Ekstern	100 000	-	-	100 000
Nordhordlandspakken AS	Pådrivarselskap bompengesøknad	Driftstilskott	Eigar	200 000	250 000	200 000	200 000
Odda Vegfinans AS	Pådrivarselskap bompengesøknad	Driftstilskott	Eigar	130 000	75 000	-	-
Bergen Os Bompengeselskap AS	Pådrivarselskap bompengesøknad	Driftstilskott	Eigar	-	-	-	80 000
IS Rv7	Interesseselskap	Kontingent	Medlem	20 000	20 000	20 000	20 000
Stamvegutvalet E16	Samarbeidsorgan	Kontingent	Medlem	-	25 000	-	-
IS Fjordvegen Rv/Fv13	Interesseselskap	Kontingent	Medlem	60 000	60 000	30 000	15 000
Nasjonal rassikringsgruppe	Samarbeidsorgan	Kontingent	Medlem	40 000	40 000	40 000	40 000
Trygg Trafikk	Samarbeidsorgan	Kontingent	Medlem	10 000	10 000	10 000	10 000
Forum Nye Bergensbanen*	Samarbeidsorgan	Kontingent	Medlem	157 500	150 000	250 000	60 000
Viklafjellsvegen SA**	Samarbeidsorgan	-	Deltakar	-	-	-	-
* 2013 talet er kontingent pluss prosjektstøtte til mulighetsstudie							
**Var tidlegare eit aksjelag (A/L), no eit samarbeidsorgan/kontaktutval.							